

Fagforbundet Meland  
v/Leiar, Thomas Skauge  
HTV, Kjersti v. Nesse

Meland Kommune  
V/ Ordførar, Nils Marton Ådland  
Rådmann, Ingvild Hjelmtveit

Frekhaug 24.04.15

VEDRØRENDE KOMMUNEREFORMA OG ANDRE SAMARBEIDSFORMER PÅ TVERS AV  
KOMMUNANE I NORDHORDLAND.  
SAMARBEID OG KRAV OM REPERESENTASJON

Fagforbundet er gjort kjent med at arbeidet i samband med kommunereforma, eventuell samanslåing av fleire kommuner i Nordhordland har vore tema på politisk / administrativt nivå dei siste åra.

Slik det har vore til no er dei tilsette i kommunane, og deira organisasjonar vore dårleg informert om kva som skjer.

Vi viser til Hovedavtalen i KS sitt forord, der det vert presisert viktigheita av at dei tillitsvalgte vert involvert så tidleg som mogeleg når omstillingar og reformer skal gjennomførast, slik at medråderett og medvirkning vert ivareteke, jfr HA del B, § 1 *formål, samarbeid, medråderett*.

Gjennom samarbeid, god informasjon og drøfting skal det for organisasjonane vera mogeleg å påvirka prosess og resultat.

Fagforbundet er kjent med at det i samband med kommunereforma er etablert samarbeidsordningar på tvers av kommunar i Nordhordland. Det er og kjent at det er etablert ulike samarbeidsfora i samband med Samhandlingsreforma, Helsehus m.fl.

Med visning til Formålsbestemmelsen i Hovedavtalens del B § 1-4-3, samt Felleserklæringen mellom partene i arbeidet med Samhandlingsreformen, krev Fagforeningane i Nordhordland representasjon med 2 representanter i dei ulike samarbeidsfora som er / vert etablert.

Desse skal representere og ivareta Fagforbundet sine medlemmer i drøftingene som pågår i samband med mulig samanslåing av kommuner i Nordhordland.

På alle møter der kommunereforma er tema, ber vi om å bli innkalla.

Ber om snarleg tilbakemelding på vårt krav.

Med helsing

Fagforbundet Meland

*Thomas Skauge*  
v/ Leiar, Thomas Skauge

*Kjersti V. Nesse*  
HTV, Kjersti V. Nesse